



Anne Karin Eikanger Wallem  
Garnesvegen 14  
5260 INDRE ARNA

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1512 - 18/18534

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

11.06.2018

## Vedkomande mogeleg ulovleg tilhøve - gbnr 212/15 Eikanger øvre

Vi viser til brev datert den 16.05.2017 om mogeleg ulovleg tilhøve og tilsvar til dette motteke her den 31.12.2017.

Saksutgreiing:

I brev av dato 16.05.2017 går det fram at eigar av gbnr 212/15 har etablert ulovleg parkering på eigedomen, og det er mistanke om forureining av brønn på gbnr 212/43.

I tilsvar når det gjeld sjølve etableringa av parkeringsareal går det fram i frå eigar av gbnr 212/15 at dette er etablert i samsvar med tilbakemelding i frå kommunen.

Vi viser til mail sendt frå byggesaksvakten den 14.02.2017 til eigar av gbnr 212/15:

*«Eigedomen gbnr 212/15 er omfatta av kommuneplanen sin arealdel der arealet er avsett til byggjeområde for bustadar. Innanfor dette området er det eit generelt krav om utarbeiding av reguleringsplan før tiltak som krev løyve etter plan- og bygningslova kan godkjennast, jf punkt 1.1 i føresegnene til planen. I punkt 2.14 er det gjort unntak frå plankravet for enkelte mindre tiltak. «*

Kommuneplanen og planutvikling:

I møte med eigar av gbnr 212/43 torsdag 07.06.2018 vart det etterspurt informasjon kring arealforvaltninga av området.

Området var før avsett til LNF-område (landbruk, natur og friluftsliv). I prosessen rundt den nye kommuneplanen er det kome innspel på å få omgjort dette området til bustadføreml. Byggesak har ikkje gått gjennom saksframlegget til kommuneplanen og uttaler seg her på generelt grunnlag. I planprosessar opner ein opp for at innbyggjarar kan kome med innspel i høyringsrunda. Desse innspela vert eit ledd i sakshandsaminga fram mot ferdig vedteke plan.

Vurdering:

Når det gjeld parkeringsarealet som er etablert på eigedom gbnr 212/15 er dette så langt vi kan sjå eit mindre tiltak som ikkje er søknadspliktig. Slik vi forstår saka er det lagt eit lag med grus for å jevne ut eit areal som nyttast til parkering. Arealet er ikkje i strid med byggjegrænse mot sjø og arealet ligg innafor

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



bustadområdet i kommuneplanen. Vidare syner vi til pkt 2.14 i kommuneplanen der det er opne opp for fritak i frå krav til utarbeiding av reguleringsplan for mindre tiltak.

Når det gjeld brønnen på gbnr 212/43 er den slik vi kan sjå ikkje i bruk. Eigedomen er registrert tilknytt offentleg vatn via anna privat stikkeleidning.

Når ei tomt er tilknytt offentleg nett opner ikkje kommunen opp til at ein kan godkjenne bruk av privat brønn som vasskilde, og vi vurderer difor dette som ei permanent og godkjent løysing for gbnr 212/43.

Dersom det er mistanke om forureining inn på tomta i form av tilsig er dette noe partane må innhente dokumentasjon på og eventuelt få innhenta prøveresultater på. På bakgrunn av at brønnen ikkje er i bruk og det ikkje er synleg forureining på staden, finn ikkje kommunen grunnlag for å følgje dette opp vidare på noverande tidspunkt.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Anne Karin Eikanger Wallem  
Terje Nævdal

Garnesvegen 14 5260  
Eidsnesvegen 19 5913

INDRE ARNA  
EIKANGERVÅG